

Kup-Prosjekt: TEKSTILKULTUR III. Ref. Saksnr. 2015/2152

## **Rapport 1 halvår av prosjektet.**

### **Mål**

Det langsiktige målet er å etablere eit fast læringstilbod ved Vestnorsk kulturakademi (Tekstilkultur III) som skal sikre vidareføring av den tekstile kunnskapsarven.

Tilbodet skal ha status som høgskulestudie og studieprogrammet skal gi rom for fordjuping i eit tema/teknikk i samarbeide med tradisjonsberarar. I samarbeide med musea skal det leggjast til rette for aktiv bruk av musea sine tekstilsamlingar som kunnskapskjelder.

*I forprosjektet er målet å utvikle studieprogram og teste dette i modellen for samarbeide mellom Vestnorsk kulturakademi, Museumssenteret i Hordaland og tradisjonsberar.*

### **Første halvår er det i tråd med prosjektplanen**

- Etablert ei prosjektgruppe som førebur, fylgjer gjennomføring og skal evaluere prosjektet.
- Utarbeidd studieplan og pensumlistar
- Rammene for testen til våren er sett med samlingar og krav til eige arbeide for studentane. Det skal gjennomførast fem samlingar i perioden januar-juni med avsluttande munnleg eksamen i juni.
- Det er lagt til rette for gjennomføring av den praktiske undervisinga i museet.
- Pr 7.12. er Vestnorsk kulturakademi i gang med å rekruttera studentar som skal delta i testen.

Det vil seie vi er klar til å ta imot studentar i januar og gjennomføre testen slik som planlagt.

### **Kontaktinfo:**

Museumssenteret i Hordaland v. Solveig Jordal.

[Solveig.jordal@muho.no](mailto:Solveig.jordal@muho.no)

Telf. 94 17 22 50

Salhus 7.12.2015

Solveig Jordal